

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**Møtedato:** 27. februar 2026**Stad:** Bygdahall, Hol kommune**Desse møtte frå Regionrådet:**

Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Christina Larsdotter Vaagen	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Hans Petter de Fine (R)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Guro Veslehaug Flatland, klimakoordinator

Forfall:

Hege Mørk	Gol kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune

SAK 10/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26. JANUAR 2026**Vedtak:**

Protokollen frå møte 26. januar 2026 er godkjent.

SAK 11/26 NÆRINGSHAGEN FRÅ SIVA SYSTEMET TIL INNOVASJON NORGE

Janne Buhaug, Næringsjef i Buskerud fylkeskommune orienterte om konsekvensane av at næringshagen ikkje lenger skal vera knytt til SIVA systemet, men til Innovasjon Norge. Sjå vedlagt presentasjon.

SAK 12/26 FRAMTIDAS KOMPETANSEBEHOV – MENONRAPPORTEN

Janne Buhaug presenterte Menonrapporten - framtidas kompetansebehov i Hallingdal. Sjå presentasjon.

SAK 13/26 BESØK AV STATSFORVALTAR JAN TORE SANNER

Statsforvaltar Jan Tore Sanner var på besøk for å bli betre kjent med Hallingdal og for at Hallingdal skal bli betre kjent med statsforvaltaren og embetet. Han fekk informasjon og innspel frå alle kommunar om moglegheiter og utfordringar. I tillegg sa ordførarane noko om statsforvaltarembetet sett frå kommunane si side.

SAK 14/26 VIDAREFØRE DELTAKING I KOMMUNENETTVERK FOR KLIMAOMSTILLING**Vedtak:**

1. Regionrådet vedtek at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» også i 2026.
2. Kontingenten skal dekkast frå klima og energifondet i regionrådet.

SAK 15/26 ORIENTERING FRÅ DEI ULIKE VERVA REGIONRÅDET ER INNE I

Jørund: Ingen nye møte

Pål: Ingen nye møte

Sigrid: **SLT:** Minner bestilling frå SLT om korleis ein kan jobbe saman om m.a. ungdom og nettproblematikk

Merete: **Trafikksikkerhetsforum Buskerud.** Har vore på møte med fokus på ulykkesførebygging.

Anne Kari: **Samskapingsrådet i Hallingdal.** Samskapingsrådet jobbar med omstrukturering og ser om ein kan nærme seg vårt Regionale vegkart for arbeidsinkludering

Heidi: **Vidju:** Ny dato for generalforsamling

FNB: Tilsettingsprosess av strategisk rådgjevar. Innstilling er gitt, og tilbod blir sendt i dag

KS: Behandlar debatthefte i fylkesmøtet måndag. Hugs kommunalpolitisk toppmøte om 3 veker.

Vestre Viken HF: Regionrådsordførarane i Buskerud har hatt eit fyrste dialogmøte med leiinga i Vestre Viken HF. Det er planlagt tre møter til ila 2026. Møtearenaen er meint å fungere som ei arena for informasjonsutveksling og gjensidig påverknad av våre tilbod og våre felles områder. Foretaket nytta fyrste møte til å informere om deira omstillingsprosjekt "Ett Vestre Viken". Vestre Viken har førebels «freda» Hallingdal sjukestugu

SAK 16/26 INSPIRASJONSTUR FOR REGIONRÅDET**Vedtak:**

Regionrådet ønskjer å få til ein inspirasjonstur i juni 2026

SAK 17/26 NYTT FRÅ BUSKERUD

Janne Buhaug informerte om konsekvensen av strengare utsleppspolitikk basert på strengare tolking av veileder til vassforskrifta og innstramming på EU direktiv. Dette kan få konsekvensar for all næringsutvikling i Hallingdal og me må følgje nøye med.

Iselin Haugo informerte om samferdselssaker frå Buskerud. Kommunane og regionen blir inviterte til å gi innspel til auke i samferdselsbudsjettet i fylket og BFK blir invitert til Hallingting i april.

Det vart også gitt info om Buskerudplanen. Sjå vedlegg.

SAK 18/26 INFORMASJON FRÅ KRU

Har jobba mye med interkommunalt samarbeid

SAK 19/26 EVENTUELT**Buskerudplanen – felles høyring eller kvar kommune for seg?****Vedtak:**

Regionrådet utarbeider felles høyringssvar. Dei som vil kan nytte dette, men dei som ynskjer det, skriv eige svar.

Sponsing av kultur og idrett til barn og unge gjennom Regionrådet

Denne ordninga er no avslutta er avslutta. Det betyr at ein må finne anna finansiering til dei tiltaka som var delfinansierte gjennom ordninga eller vurdere å søke Vidju-fondet for ny finansiering. Finansiering av yrkesmessa er uklar.

Innspel til marsmøte

Kampen om arbeidskrafta – kompetanse – Menon

Anna organisering av helsetenestene? IMA, vikarbruk – demografi, Hallinghelse

Innanforskap

Næringsutvikling

Kulturskoletilbod

Kva ønskjer kommunane å jobbe saman om regionalt i framtida

Kva ønskjer me ikkje å jobbe saman om

Ringerike sjukehus – nedlegging av urologi

Det vart drøfta om Regionrådet ville signere eit skriv vedr. Nedlegging av urologi. Det vart ikkje konkludert i møte

Hallingdal, 8. mars 2026

for rådsordførar

Jan Olav Helling

Dagleg leiar